

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Saksframlegg

Klinikkperspektivet

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
16/2017	Styringsgruppa utviklingsplan HMR	22. august 2017

Forslag til vedtak

1. Styringsgruppa tek orienteringa frå klinikkane til vitande.

Saksframlegg

Klinikkperspektivet handlar om dei interne utviklingsområda klinikken sjølv eig og ynskjer å satse på i planperioden. Dette er tema som kan vere knytte til verksemdsplanen til klinikken, oppgåver som kjem som resultat av krav og føringar m.v. Ansvarleg for arbeidet er kvar enkelt klinikksjef. Arbeidet gjennomførast med klinikkinterne ressursar.

Korleis arbeidet vert organisert er lagt til den enkelte klinikk, men klinikkane er oppmoda om å nytte etablerte fora som t.d klinikkråd, fagnettverk etc. Utviklingsplanen har også vore tema på møta mellom administrerande direktør og klinikken i samband med leiinga sin gjennomgang.

Arbeidet i klinikkperspektivet skal i all hovudsak utgreiast etter modell frå rettleiaren for utviklingsplanar. I kort tyder det at ein seier noko om:

- no-situasjonen (status)
- utviklingstrekk og framskriving
- analyse og vegval
- målbilete, tiltak og organisering for ei helseteneste for pasienten

Arbeidet skal tuftast på gjeldande nasjonale, regionale og lokale føringar.

Skisse til møteplan og innhald er presentert i det følgjande. *Ein har presisert at dette er eit forslag, og at klinikkane har hatt høve til å stå fritt i organiseringa så lenge ein har dekt dei tema som er forventa gjennom rettleiaren.* Klinikane må også fortløpande kunne vurdere interessentar og gjere evt. naudsynnte endringar i høve til fora/gruppesamansetjing.

Ressurssetjinga frå koordineringsgruppa i dei ulike arbeida har vore ein funksjon av omfanget av valde innsatsområde. Koordineringsgruppa har bidrege i oppstarten av arbeida, og med mal for rapport etc.

Tabell – Skisse for møteverksemd klinikkperspektivet

TID	AKTIVITET	INNHALD	ANSVAR
Mai	Møte 1	<ul style="list-style-type: none">• Konstituering• Velje leiar og sekretær• Møteplan• Intro utviklingsplan• No-situasjon for området• Gjeldande føringar	Arbeidsgruppa og koordineringsgruppa
Juni	Møte 2	<ul style="list-style-type: none">• Utviklingstrekk og framskriving• Analyse og vegval	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
20. juni	Dialogmøte 2	<ul style="list-style-type: none">• Orienterer om arbeidet• Viktige avklaringar	Arbeidsgruppene med støtte frå koordineringsgruppa

Styringsgruppa Utviklingsplan HMR HF

Juni/august	Møte 3	<ul style="list-style-type: none">• Analyse og vegval, vidare• Målbilete, tiltak, organisering for ei helseteneste for pasienten	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
22. august	Leiargruppe, styringsgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Presentere arbeidet, innspel	Arbeidsgruppene, med støtte frå koordineringsgruppa
September	Møte 4	<ul style="list-style-type: none">• Tilrå løysing basert på presentasjon av arbeidet og innspel	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
30. september	Leveranse	<ul style="list-style-type: none">• Ferdig rapport	Arbeidsgruppa, med støtte frå koordineringsgruppa
30. oktober	Dialogmøte 3	<ul style="list-style-type: none">• Presentasjon samla utviklingsplan• Vidare arbeidsprosess	Koordineringsgruppa
November-Desember	Formell høyring		Koordineringsgruppa

I møte 22. august 2017 vart Styringsgruppa gjeve orienteringar om utviklingsplanarbeidet i klinikkperspektivet frå følgjande klinikkar;

Klinikk for medisin og rehabilitering v/ kliniksjeff Torstein Hole

Klinikk for akuttbehandling v/ kliniksjeff Kjersti Bergjord

Klinikk for kirurgi v/ kliniksjeff Astrid Johanne Brandshaug

Klinikk for diagnostikk v/ kliniksjeff Svanhild Tranvåg

Klinikk for psykisk helse og rus v/ kliniksjeff Karl-Arne Remvik

Klinikk for kvinner, barn og ungdom v/kliniksjeff Henrik Erdal

Klinikk for drift og eigedom v/kliniksjeff Mona Aagaard-Nilsen